

KULTURDEPARTEMENTETS NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

Årsrapport 2020



NRK-journalisten Eivind Molde fekk Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar for 2020. Solveig Barstad er leiar for juryen og delte ut prisen til Molde på Marienlyst.

– Prisvinnaren er ikkje av dei som stikk seg fram i utrengsmål. I over 30 år har denne smålåtne sogningen likevel gjort ein uvurderleg innsats for god journalistikk på nynorsk og godt språk generelt i NRK, sa Barstad.

Prispengane er i år auka til kr.75. 000. Kunstverket som fylgde med var eit grafisk trykk av kunstnaren Karen Helga Maurstig.

Magni Øvrebotten

04.09.2020



Prisvinnar Eivind Molde: - Folk skal forstå oss i NRK



Det var ein svært overraska prisvinnar som 5. juni vart overrekt prisen på Balkongen i NRK på Marienlyst. Det er eit stort møterom som også vert brukt ved meir høgtidlege høve.

Eivind Molde vart dregen med på eit «språkmøte» han var invitert til, men slett ikkje hadde tenkt å gå på. Han hadde morgonvakt og fyrst då vaksjefen sa at det var eit viktig møte om nynorsk, og at han kunne gå frå midt i vakta, vart han nølande med henne dit.

Molde var den einaste i rommet som ikkje visste at han var *hovudpersonen*.
- Det vart stilt då han kom inn, og vi våga knapt å sjå hans veg eller snakke med han, fortel språksjef i NRK, Karoline Riise Kristiansen.

– Tusen, tusen takk, dette var utruleg overraskande, sa Eivind Molde etter at juryleiar Solveig Barstad hadde overrekt han prisen. – Det som er viktig for meg, er å bruke ein nynorsk folk forstår. Det må vere enkelt og tydeleg. Vi snakkar til folk i ulike situasjonar. Dei må forstå oss, anten dei sit på bussen med ein propp i øyret, les det vi skriv på nrk.no eller ser oss på tv.

Same kva situasjon folk er i, kva bakgrunn og dialekt dei har, er det viktig at dei forstår det dei høyrer når dei får det servert frå NRK, sa Molde i takketalen på sparket.

Del av det nynorske grunnfjellet i NRK

I tildelinga legg juryen vekt på at NRK i 2019, for fyrste gong, innfridde stortingsvedtaket frå 1970 om minst 25 prosent nynorsk i NRK «For å nå det målet har NRK drege vekslar på eit solid grunnfjell av nynorskbrukande journalistar i NRK, og Eivind Molde er i høgste grad ein del av det grunnfjellet».

Juryen utdjuar kvifor nettopp Eivind Molde får prisen: «Prisvinnaren er ikkje av dei som stikk seg fram i utrengsmål. I over 30 år har denne smålåtne sogningen likevel gjort ein uvurderleg innsats for god journalistikk på nynorsk og godt språk generelt i NRK. Eivind Molde brukar eit klart og tydeleg språk og set nynorsk normaltalemål i høgsetet. Han lagar stoff til alle plattformer og har ei særleg evne til å framstille vanskelege forhold på ein enkel og forståeleg måte for den jamne lyttar, sjåar og lesar. Prisvinnaren har òg ord på seg for å vere hjelpsam og ein god rettleiar for kollegaene i så vel språklege som journalistiske spørsmål, skriv juryen.

Tryggare enn ordboka

Vanlegvis vert Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar delt ut i Aasentunet i Ørsta, under Dei nynorske festspela i juni kvart år. Men på grunn av koronapandemien vart han i år delt ut på ei lukka samling på arbeidsplassen til vinnaren. Juryleiar Solveig Barstad delte ut prisen, saman med jurymedlem Inger Johanne Sæterbakk.

- Denne gjeve prisen går til ein medarbeidar som ikkje berre er dyktig på lufta og på nett, men som òg hjelper andre og dermed er med på å løfte NRK-språket. Kollegaene opplever Eivind som tryggare enn ordboka, sa nyhendedirektør Helje Solberg i NRK i talen sin under prisutdelinga.

- Jobben din har teke deg rundt heile kloden, ja, faktisk til Antarktis. Klimajournalistikken din har sett tydelege spor. Det er fint at denne prisen ikkje berre går til ein god journalist, men til ein som hjelper andre. Folk som må gjere seg forstått i kuling og regn, som må stå støtt. Det gjer du, Eivind. Gratulerer så mykje med prisen, både som journalist, språkmann og menneske, sa Helje Solberg til prisvinnaren.



Nyhendedirektør Helje Solberg, prisvinnar Eivind Molde, juryleiar Solveig Barstad, jurymedlem Inger Johanne Sæterbakk og kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen. Foto: Karoline Riise Kristiansen/NRK.

Føredøme for andre

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar er i 2020 auka frå kr. 50.000 til 75.000 kroner. Kunstverket var i år eit grafisk trykk av kunstnaren Karen Helga Maurstig, med tittelen «Vårteikn», og diplom både til prisvinnaren og redaksjonen.

Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar ein levande og god nynorsk, og som er eit føredøme for andre.

I år kom det inn 36 framlegg om 26 namn. Prisen har vore delt ut sidan 2006, då Linda Eide, NRK, var den fyrste prisvinnaren. I fjor var det Kjersti Mjør i Bergens Tidende som fekk prisen.



Om prisvinnaren

Eivind Molde (1958) er frå i Gulen i Ytre Sogn. Han gjekk gymnas på Os og var i unge år lærarvikar på Os og vikar i NRK Hordaland. Frå 1984 arbeidde Molde som lærar i Alta, der han var med på å starte opp Alta nærradio. Sommaren 1989 var han vikar i NRK Dagsnytt og frå 1990 fast tilsett same stad. Sidan den gongen har Molde arbeidd i NRK. Eivind Molde er medforfattar av fleire bøker om friluftsliv i Oslomarka.

Juryen

I juryen for Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar er Solveig Barstad leiar. Ho er programleiar i TV 2. Med seg i juryen har ho Øystein A. Vangsnes, professor ved Universitetet i Tromsø/Høgskulen på Vestlandet og Inger Johanne Sæterbakk, som er språkkonsulent på Det Norske Teatret. Leiaren for NRK Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten, er

sekretær for juryen. Den oppgåva var ei gåve frå Kulturdepartementet då mediesenteret vart opna i 2004.



HEILE GRUNNGJEVINGA FRÅ JURYEN 2020

Journalist Eivind Molde i NRK får Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar for 2020. Prisen er på 75.000 kroner og eit kunstverk. Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar ein levande og god nynorsk, og er eit føredøme for andre.

På nyåret 2020 var det klart at NRK for første gong hadde innfridd stortingsvedtaket frå 1970 om at 25 prosent av stoffet skulle vere på nynorsk. For å nå denne milepålen har allmennkringkastaren drege vekslar på eit solid grunnfjell av nynorskbrukande medarbeidarar, og årets vinnar av Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar er i høgste grad ein del av dette grunnfjellet.

Årets prisvinnar brukar eit klart og tydeleg språk og set nynorsk normaltalemål i høgsetet, produserer stoff for alle plattformer og har ei særleg evne til å framstille kompliserte forhold på ein enkel og forståeleg måte for den jamne lyttar, sjåar og lesar. Prisvinnaren har òg ord på seg

for å vere hjelpsam og ein god rettleiar for kollegaene i så vel språklege som journalistiske spørsmål.

Prisvinnaren starta som sommarvikar i NRK Dagsnytt i 1989 og vart fast tilsett i 1990. I ei årrekke tente han fast på nyhendebulletinen, i mange av dei berre på natt. I dei seinare åra har prisvinnaren spesialisert seg på klima- og miljøsaker. Han dekte til dømes FNs klimakonferanse i Paris i 2015 for alle NRKs plattformer på ein framifrå måte. Han rapporterer snart frå Svalbard, snart frå Antarktis, og i 2018 fekk han ansvaret for å dekke returen til ishavsskuta Maud frå Canada til Vollen i Asker. Som tilknytt utanriksredaksjonen legg han ofte kommentarar på utanlandsk reportasjestoff i mellom anna Dagsrevyen og Urix.

Prisvinnaren er ikkje av dei som stikk seg fram i utrengsmål. I over 30 år har denne smålåtne sogningen likevel gjort ein uvurderleg innsats for god journalistikk på nynorsk og godt språk generelt i NRK.

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar 2020 går til Eivind Molde, utanriksmedarbeidar i NRK.

Takk frå Eivind Molde

5. juni møtte eg på morgonvakt som vanleg klokka 05.30, og ante ingen ting om det som skulle gå føre seg. Vaktsjefen «lurte» meg med på møtet, og eg ser jo i ettertid at det var bra at eg let meg «lure». For dette var ei stor og litt absurd oppleving.

Eg har sjølvsagt aldri tenkt på at eg skulle få ein slik pris. Når eg no har fått prisen, er eg svært takksam. Dette handlar om språk, om kommunikasjon, om korleis vi best kan nå fram til dei som høyrer, ser og les. Det hjelper ikkje med god journalistikk dersom ikkje også språket er godt. NRK må vere best både når det gjeld journalistikk og språk. Slik eg opplever det, fungerer nynorsk normaltalemål godt både i korte nyheitsmeldingar og reportasjar.